

Styret i Helse Vest og styret i Helse Fonna

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2011002158-4 Saksh: Arkivkode Dato:  
Journalpostid: 2016020736 Telefon: 53 65 40 23 28.12.2016

## Reaksjon på prosjektprosess.

I høve arbeidet og ferdigstillinga av prosjektrapport for Odda sjukehus i ljøs av den nasjonale helse og sjukehusplanen, finn vi det naudsynt å gjera merksam på fleire tilhøve.

Frå prosjektstart har det vore understreka at prosjektgruppa skal få gå gjennom rapporten grundig alle saman og godkjenna den før ferdigstilling i møte. Noko som er avgjerande for å delta i eitt slikt arbeid. Og etter kvart - at om det mot formodning skulle bli dissens, så ville det koma godt fram i rapporten. Det skulle og sikrast at alle sine syn og kommentarar kom godt fram.

No vert det frå prosjektleiinga si side framsett at prosjektgruppa er delt. Dette er ei svært unøyaktig formulering som i praksis direkte underslår dei faktiske forholda i prosjektgruppa si innstilling om fortsatt akuttkirurgisk beredskap ved Odda sjukehus. 11 av 15 medlemmer går inn for at sjukehuset som i dag skal ha akuttkirurgisk akuttberedskap. Fire av femten medlemmer har dissens og stiller seg ikkje bak dette.

Teksten i rapporten reflekterer og for dårleg fleirtalet sine meiningar. Den inneheld feil og har til dels eit tendensiøst innhald som bygger opp under prosjektleiar sine meiningar og konklusjon.

Representantar for fleirtalet har freista å få inn dei syn i rapporten. Og brukt mykje tid på å koma med munnlege og skriftlege innspel til rapporten. Diverre ser ein lite att av desse innspela når sekretariatet og prosjektleiinga har bearbeidd innspela. Dette er høgst overraskande og uforsvarleg manipulering av ei seriøst prosjektgruppefleirtal sitt syn.

I møtet 19. januar 2016 var agendaen å gå gjennom den skriftlege rapporten. Det vart berre gått gjennom nokre få sider. Det er uakseptabelt at vi som medlemmer i prosjektgruppa ikkje får arbeida fram rapporten skikkeleg i fellesskap.

### Eit levande kraftsenter

Telefaks: 53 65 40 51	Org.nr: 964 967 814	Telefon: 53 65 40 00
Opheimsgata 31	Bankgiro: 3201.50.24584	Telefaks: 53 65 40 51
	Innbetaling 6345.06.12288	Epost: <a href="mailto:epost@odda.kommune.no">epost@odda.kommune.no</a>
	skatt:	

I møtet vart tilrådingane gjennomgått.

Først fleirtalstilrådinga som var sendt ut av sekretariatet. Vi hadde mange innspel til denne. Overraskande nok fekk vi i lita grad inn våre eigne merknader til tilrådinga som vi sjølv stiller oss bak. Prosjektleiari Helge Bryne og dei tre andre som gjekk inn for mindretalstilrådinga fann det for godt å definere kva som skal stå i fleirtalstilrådinga også. Mindretalstilrådinga vart gjennomgått. I møtet viste det seg at det var gjort store endringar i denne frå det som var sendt ut i forkant. Samt at vi (fleirtalet) i etterkant i liten grad fekk endra på mindretalstilrådinga. Mindretalet styrde på denne måten kva som skulle stå i fleirtalsinnstillinga!

Dette gjev lesarane av rapporten eit direkte missvisande inntrykk av fleirtalet sitt syn. Rapporten bryt med grunnleggjande demokratiske rettar og undergrev fundamentalt tilliten til dei føringane som vart lagt for dette prosjektarbeidet, og viser at dette arbeidet ikkje er ein demokratisk og open prosess. Slik kan vi ikkje ha det !!

Dette er oppsiktsvekkjande, lite tillitsfullt og uklokt av Helse Vest/Helse Fonna. Og det må ikkje oppfattast som at prosjektrapporten er skriven av ei samla prosjektgruppe. I realiteten er det prosjektleiari i samråd med prosjekteigarane Herlof Nilsen og Olav Klausen som har full kontroll på kva som får stå og ikkje får stå i rapporten. Ved fleire høve kan prosjektgruppa ikkje koma fram til konklusjon før prosjektleiari har sjekka kva vi skal meina med prosjekteigarane. Kva slags prosjekt er det vi er lokka med i? Kor ligg lista for ei etiske og demokratiske minstemåla for prosjektarbeidet? Folk som deltek med flid og seriøsitet vert både desillusjonerte, fortvila og forbanna.

**Det er svært bra at eitt klart fleirtal i prosjektgruppa har konkludert med fortsatt akuttkirurgisk beredskap. Samt at alle arbeidsgruppene går inn for fortsatt kirurgisk akuttberedskap. Dette er heilt nødvendig for tryggleiken i opptaksområdet. Berre i prosjektperioden har det vore fleire pasientar som ville døydd dersom dei ikkje kunne fått kirurgisk akuttbehandling ved Odda sjukehus.**

Det er meir enn svært uheldig at mindretalet i prosjektgruppa, i lag med prosjekteigarane sjølv avgjer korleis prosjektrapporten skal formulerast.

Vidare er det med **sterkt undring** vi registrerer at det vart bestilt ekstern vurdering av prosjektrapporten lenge før den var ferdig. Og lenge før det var avklart kva dei ulike prosjektmedlemmene meiner. Stord sin rapport skal jamførselsvis ikkje ha slik ekstern kvalitetssikring. Grunngevinga er at det ikkje er føreslått store endringar ved Stord sjukehus. Når det vert fastslått ekstern vurdering av Odda sjukehus før prosjektgruppa har konkludert og avlevert sin rapport, peikar det mot at prosjekteigarane Herlof Nilsen og Olav Klausen har bestemt konklusjonen på førehand. Såleis har vi ikkje vore med i eitt ope og seriøst arbeid, men er blitt manipulert til å tru det.

Når vi i tillegg registrerer at prosjekteigarane overfor media og stortingsrepresentantar alt for lenge sidan har konkludert med sitt syn, understrekar det ytterlegare at prosjektgruppa må få leggja fram sitt syn gjennom ein rapport vi står skikkeleg inne for.

No er det slik at leiari Herlof Nilsen og Olav Klausen har teke seg til full kontroll over kva som står i rapporten gjennom styring av prosjektleiinga og som åleine avgjer kva som får vera med i rapporten.

**Tiltak for å retta opp truverdet til innhaldet i rapporten**

( truverdet til sjølv propossen kan vel ikkje rettast opp att på bakgrunn av det som er opplevd på kroppen under marsjen);

- \* Før prosjektavlevering må rapporten legga vekt på og reflektera på ein seriøs måte fleirtalet sin konklusjon.
- \* Fleirtalet må få med dei skriftlege innspel dei har hatt til teksten i rapporten.
- \* Prosjektrapporten må reflektera (underbygge) hovudkonklusjonen fleirtalet står inne for.

Helsing

Roald Aga Haug  
Ordførar

Kopi :  
Odda formannskap som melding